



DEN NORSKE KYRKJA
Lavik Sokneråd

Møteprotokoll Lavik sokneråd

Dato: 28. februar 2024

Stad: Lavik kyrkjekontor

Tilstades:

Toril Lange, Katrin Borlaug Ringereide, Torunn Styve, Maria Zimmermann Espeseth, Eldrun Nordal, Regine Borlaug Pettersen, Inger Cecilie Fitje, Bjørn Harald Nybø.

Ord til opning v/ Inger Cecilie.

Godkjenning av innkalling, referat frå 10. januar og sakliste.

Meldingssaker:

05/24 Sidan sist

Tårnagentsamling 20. januar: 4 oppmøtte. Rolig og god stemning. Veldig kjekt.

Gudsteneste 21. januar: Første gudstenesta til Inger-Cecilie. 1 dåpsbarn.

Myldresamlingar 24. januar og 7. februar: 8 og 5 frammøtte. Toril snakka med barna om dåp. Kveldsmåltid etterpå.

Minikonfirmantsamlingar 30. januar, 13. februar og 27. februar: 7, 5 og 5 frammøtte.

Konfirmantweekend 26.-28. januar: Konfirmantar frå heile Høyanger og Hyllestad Kommune.

Gudsteneste 11. februar: 16 frammøtte. Kyrkjekaffi.

Mat & Prat 14. februar: 16 frammøtte. Kveldsmåltid, Geir og Jens samtala om livet, trua og tvilen.

Vinterleir 16.-18. februar: 23 deltakarar. 13 frå Høyanger kommune, av dei 8 frå Lavik.

Andakt på Helsesenteret: 4 av konfirmantane var med då det var andakt på Helsesenteret. Dette var kjekt, og det vart snakka rundt konfirmasjonstida no og då. Dei deltok også med ein song.

06/24 Nytt frå Fellesrådet

Bjørn Harald orienterer.

Neste Fellesråd-møte er 14.mars.

07/24 Ny kyrkjemusikar

Gerda Otterstein har sagt opp stillinga si, og fellesrådet skal lyse ut etter ny kyrkjemusikar/organist. Sokneråda er blitt bedt om å seie noko om kva krav og ynskje fellesrådet og sokneråda har til den/dei som vert tilsett.

Vi snakkar rundt temaet, og kjem med ønsker/forventningar rundt ein ny kyrkjemusikar. Toril og Bjørn Harald tek det vidare til neste møte i Fellesrådet.

08/24 Brannvarsling i kyrkjene

Kyrkjevevja skriv: i samband med oppdatering av brannvarsjarane i kyrkjene, vil ein knyte oss til brannsentralen i Florø. Sentralen treng 1 eller 2 namn dei kan ringe, dersom alarmer går. Desse må kunne vere rakst på plass, låse seg inn og sjekke om det faktisk brenn. Kven kan utfordrast?

Vi snakkar om at det er eit sjølvfølge at brannvesen skal rykke ut uavhengig av at det er falsk alarm.

Bjørn Harald snakkar med kommunen, og det lokale brannvesenet om kva som er mogleg/ønskeleg.

Vi snakkar også om brannvern generelt i kyrkja, og ansvarsområde dersom det faktisk skulle begynne å brenne under ei gudsteneste.

09/24 Aktivitetar vidare:

Myldresamling 6. mars og 10. april: Held fram med det same opplegget.

Minikonfirmantsamlingar 5. mars og 9. april: Held fram med planlagt opplegg.

Minikonfirmantleir, 19.-21. april: Utfordrar foreldre/andre i soknerådet å hjelpe til på Alværa. I tillegg til Lavik, er det også minikonfirmantar frå Balestrand, Høyanger, Kyrkjebø og Hyllestad. Vi leiger Alværa på sjølvkost, dvs. vi har ansvar for maten.

Påskemåltid 28. mars: Torunn og Toril tek ansvar. Toril skal sjekke opp i kor mykje mat som vart bestilt forrige gong. Bestiller mat frå hotellet til 35-40 stk. Vi treng eigentleg fleire som kan hjelpe til med å setje opp bord osv. Vi utfordrar andre utanom soknerådet, eventuelt nokon frå det «gamle» soknerådet.

Vask av kyrkja: 11. april klokka 10.00.

Vårdugnad på kyrkjegården: 29. april klokka 1700. Vi planlegg når det nærmar seg kva som må gjerast.

Vedtakssaker:

04/24 : Gudstenester vår/sommar/haust

10. mars, klokka 18.00, Samtalegudsteneste: Katrin er kyrkjevert og Torunn er klokkar. Kyrkjekaffi.

28. mars, klokka 18.00, Påskemåltidet Skjærtorsdag: Torunn og Toril tek ansvar.

31. mars, klokka 1100, Høgtidsgudsteneste: Regine er kyrkjevert og Toril er klokkar. Katrin skal høyre med Fjordbrass om dei kan bidra med eit musikk-innslag. Utfordrar barn til å delta i gudstenesta med tekstlesing og tenning av lys. Kyrkjekaffi.

21. april, klokka 1200, Minikonfirmantgudsteneste på Alværa: Gudsteneste i samband med minikonfirmantleir.

9. mai, klokka 1100, Konfirmasjon: Toril er klokkar. Vi jobbar med å finne ein kyrkjevert/eventuelt barn/ungdom som kan dele ut program, då fleire i soknerådet skal i konfirmasjon denne dagen.

17. mai, klokka 1315, Festgudsteneste: Toril er klokkar og Toril skal høyre om Oddny kan vere kyrkjevert.

2. juni, Friluftsgudsteneste, klokka 1200: Norevik, Gildrevika. Eldrun er vert og Torunn er klokkar.

15. juni, Alvæ rastemne: Laurdag på Alværa.

30. juni, klokka 1100, Gudsteneste:

05/24: Fasteaksjonen 17.-19. mars

Konfirmantane skal gå med fastebøsse, men ein treng også fleire til å vere med. Kven kan vere med /kven kan utfordrast?

Vi fordelar resten av rutene oss i mellom.

Katrin og Toril leverer ut bøssene og tek imot når alle har gått rutene sine.

06/24: Årsmelding 2023

Soknerådet drøftar årsmeldinga.

Positiv oppsummering av førre år:

- Mange frivillige stilte til valg.
- Positivt at det kjem fleire på Mat og Prat.
- God aktivitet i soknet.
- Engasjement i soknerådet.

Vedtak: Soknerådet godkjenner årsmeldinga 2023 med dei tillegg og endringar som kom fram.

07/24: Årsmøte og årsfest

- Dato: 20. mars.

- Påmelding til Torunn.

- Vi startar med årsmøtedelen klokka 17.00, då mange av borna/ungdommen er med i skulekorpset som har øving til 17.30.

- Middag 17.30. Kjøtkaker og pølse med brød.
- Program: Katrin skal høyre med aspirantar/pianistar.
- Felles song.
- Torun høyre med Wenche og Malvin om dei kan bidra med trekkspelmusikk.
- Inger-Cecilie skal komme med spørsmål om kva som er ønskelig mtp. oppmøte til ordinære gudstenester under årsmøtedelen.
- Eldrun, Torunn og Toril hjelper til med maten.
- Kaffi og kaker på slutten. Regine, Maria og Eldrun lagar kaker. Vi kjøper også inn litt is og chips/snacks.
- Åresal. Inntekt til Mali.
- Jørgen og Aisha hjelper til på kjøkkenet med oppvask osv.
- Utdeling av bøker om påska/aktivitetshefter til barna på årsmøtet.

Ymse:

Kyrkjebenkane: Vi fjernar den fremste benken på venstre side. Tarjei kan gjere seg nytte av benken, som må hentast innan Fjordbrassøving den 21. mars.

Orgelet i kyrkja: Orgelreparatør har sett på orgelet. Han meine det er i dårleg stand.

Neste Mat & Prat: Vi snakkar om at kanskje konfirmantane kan bli intervjuet. Både for å engasjere fleire unge, og å få litt variasjon.

Vinterleir: Vi snakkar om at vi bør ha fleire voksne på vinterleiren til neste år.

Flygeblad: Toril lagar til eit flygeblad der ho skriv litt om dei ulike aktivitetane som skjer framover. Alle i soknerådet hjelper til med å legge i postkassar i området.

4. mars 2024

Skrivar

Regine Borlaug Pettersen